


Leif Jarle Løviknes
Gjelsteinvegen 362,
6394 Fiksdal



Vestnes kommune
Gjenpart
Ordføreren i Vestnes

Gjelsten 8. januar 2020

Hauge Aqua AS – søknad om dispensasjon frå sjøarealplanen til Vestnes kommune

Det var med undring eg tidleg i desember fekk telefon frå Arthur Lyngøy som informerte meg om at han representerte Hauge Aqua AS. Han sa at firmaet hadde søkt om dispensasjon for løyve til å drive oppdrett ved Dragneset i Ytre Tomrefjord og ønske dialog med meg om det. Eg vart rett og slett satt ut og sa nei til å drøfte det. Før eg går vidare, nemner eg at alle brukseigarar på Gjelstein, både fastbuande og eigarar av fritidsbustadar, deler det synet eg legg fram i dette skrivet.

Som kommunen vil være vel kjent med, har eg saman med dei andre fastbuande og eigarar av fritidseigedomar, kjempa ein lang kamp for å verne det unike naturmiljøet på Gjelstein. Viktig her er Gjelsteindalen med det varig verna vassdraget frå kjelda Forsevatnet til elva renn ut i Romsdalsfjorden. Like viktig er dei nedarva, gode fiskeplassane aust og vest for Gjelsteinholmen og Flua. Ikkje berre for turistane mine og lokale fritidsfiskarar, men og for yrkesfiskarar og hobbyfiskarar frå andre bygder i nærleiken.

Eg trudde at den nye interkommunale planen for bruk av sjøareala i Romsdalsfjorden hadde sikra at det no berre var aktuelt med oppdrettsanlegg i dei områda i fjorden som er peika ut til aquakultur. Med den trua i botnen har eg den siste tida kosta på fleire av hyttene mine for til saman nærare ein million. Verksemda mi går godt, men ei oppgradering var naudsynt for å halde tritt med den komforten turistane i dag ventar og krev. Hyttene er no booka for fleire år framover.

Eg har mange faste gjestar. Nokre av dei som kjem at år etter år, er tredje generasjon. Dei fleste er tyskarar som bur i storbyar. Det er viktig for dei fleste av turistane å kunne dra på fjorden og fiske sine egne middagar. Men mange sett og stor pris på ein skogstur og roa det gjev. For nokre er den største gleda å kunne hauste av det som veks i skog og mark. Nokre plukkar bær, andre sopp.

Synet av fjorden som skiftar karakter med ver og vind med fjella som bakgrunn, sett mange pris på. Enno viktigare for dei fleste er at Gjelstein byr på fråvær av larm og støy. Stilla her er unik. Berre ein og annan båt bryt lydbiletet naturen byr på. Vert dette endra, vil mange av dei leite etter andre stader der dei slepp synet av store merdar og søyen som følgjer med dei. Dette veit eg etter samtaler vi hadde med gjestane den gongen dette var høgst aktuelt for nokre år sidan.

Vi har sær s dårlege røynsler frå føre runde det vart søkt om å starte oppdrett i Ytre Tomrefjord. Søknaden vart lagt ut til ettersyn under feil geografisk namn – Dragneset – medan staden det i røynda vart søkt om, og som vart godkjent, var Korsvika. Alle seinare klagar på dette lureriet vart avvist i alle instansar. Grunngevinga var kvar gong formell og juridisk. Ingen reelle argument vart høyrd eller handsama. Det gjer at vi denne gongen er sær skeptiske når vi igjen ser at namnet

Dragneset vert nytta. Vi huskar godt at Kystverket sist avviste Dragneset sidan merdane kom i konflikt med skipsleia. Etter det vart anlegget flytta inn fjorden, men namnet vart ikkje endra. «Dragneset» vart plutseleg plassert mange hundre meter lenger inn utanfor bukta som heiter til Korsvika. Kva seier Kystverket i 2020? Og tyer Dragneset, Dragneset denne gongen?

Vi bør sleppe ein ny kamp om bruken av sjøområda vest for Gjelsteinholmen. Eg vonar Vestnes kommune syner til den interkommunale reguleringsplanen for arealbruk i Romsdalsfjorden og seier nei til søknaden. Ei slik avgjerd vil sikre eit godt grunnlag for at turistverksemda mi kan halde fram.

Med helsing



Leif Jarle Løviknes